

Kenneth Manger
Mykingvegen 771 A
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19384 - 20/82022

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@alver.kommune.no

Dato:
30.12.2020

Løyve til bygging av landbruksveg på GBNR 29/3 m.fl. Hauge

Administrativt vedtak: Saknr:

VEDTAK:

Med heimel i Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune søkjar Kenneth Manger løyve til bygging av omsøkt veg på gbnr 29/2,3,7 og 9 Hauge på følgjande vilkår:

1. Vegen vert bygd i tråd med søknaden.
2. Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet med vegen må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune varslast.
3. Det er innhenta løyve frå alle berørte grunneigarar
4. Det er gjeve løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå Fylkesveg 5464 (tidl 397)
5. At søker har ein plan for å hindre all ureining av Haugsvatnet i anleggsfasen.
6. Når ny landbruksveg er ferdig skal byggherre varsle Alver kommune for sluttgodkjenning.

Saka gjeld :

Kenneth Manger sökte om løyve for bygging av den ca 800 meter landbruksvegen Haugsneset II i 2006. Søknad vart registrert av Lindås kommune den 9.juni 2020. Dåverande Lindås kommune sin saksbehandlar planlagte vegtraseen og saksbehandla søknad om tilskot til landbruksvegen. Det vart løyvd og utbetalet offentlege tilskot til den omsøkte vegen. Såleis har kommunen indirekte gjeve løyve til bygging av vegen. Men den formelle sakshandsaminga og løyvet i form av eit vedtak vart ikkje gjort. Dette vert no gjort.

Kommunen er kjent med at delar av vegen er bygd og tatt i bruk til omfattande tømmertransport, men vegen manglar sluttgodkjenning . Kommunen har den siste tida motteke

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

nye søknader frå berørte grunneigarar for bygging av landbruksvegar med anna veglinje enn den det vart søkt om i 2006. Det er nye søknader som vert handsama fortløpande.

Situasjonsplan vedlagt søknad



VURDERING:

Interesser i vegen

Det første kommunen skal ta stilling til ved søknad om bygging av landbruksveg er om det er overvekt av landbruksinteresser i vegen. Det kjem fram av søknaden at søker har vurdert vegen til å ha 50 % skobruksinteresser, 10 % jordbruksinteresser og 40 % bustadinteresser. I dokument i saka frå 2006 kjem det fram at kommunen har gjort denne vurderinga og konkludert med at det er overvekt av skog-/landbruksinteresser. Saka skal såleis vurderast etter i *Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier*.

Naturmangfaldslova

Prinsippa i §§ 8 – 1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og artsdatabanken og det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i området.

Uttale frå Fylkeskommunen og Fylkesmannen

Saka har vore på høyring hjå Hordaland fylkeskommune og hjå Fylkesmannen i Hordaland. Det er ikkje registrert at regionale og statlege mynde hadde merknader til bygginga av den omsøkte vegen. Såleis er det ikkje automatisk freda kulturminner i anleggsområdet.

Uttale frå VA – avdelinga i tidlegare Lindås kommune

I brev dagert 13.desember 2006 skriv VA – avdelinga v/ John Bauge at Haugsneset er drikkevasskjelde for Kløve vassverk som er kommunalt og som leverer drikkevatn til dei private vassverka Tveitegrend og Vangen-Jordal, i alt ca 180 abonnentar. Arbeidet i nedslagsfeltet til Haugsvatnet må difor utførast på ein skånsom måte so hindrar einkvar ureining av drikkevatnet. Elles vert det opplyst i brevet at VA – avdelinga kan vere interessert i å kjøpe seg inn i vegen mellom Hauge og vatnet. Dette for å enkla tilkomsten til vassverket.

Regelverk

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier
Naturmangfaldslova
Forvaltningslova
Kulturminnelova
Offentligehetslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/19384»

Med helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kenneth Manger

Mykingvegen
771 A

5913

EIKANGERVÅG